



SANDE KOMMUNE  
6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01  
sande.kommune@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset

6404 MOLDE

Saksnr	Løpenr	Arkiv	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/186	3155/2016	002	STABS / TCK	28.06.2016

## MELDING OM VEDTAK SANDE KOMMUNE - KOMMUNEREFORM, KOMMUNALT VEDTAK

Vi melder med dette frå at Sande kommunestyre den 21. juni 2016, hadde føre ovannemnde som sak K-60/16, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret viser til folkerøystinga i Sande etter gjennomført kommunereformprosess og rår at Sande kommune i lag med kommunane Vanylven, Herøy, Ulstein og Hareid skipar ei ny storkommune på Ytre Søre Sunnmøre.*
- 2. Kommunestyret er kjend med resultatane av folkerøystingane i nabokommunane. Vidare er ein kjend med stadfesting frå Fylkesmannen på at kommunar framleis har høve til å forhandle om aktuelle løysingar fram til september 2016. Forhandlingsutvalet får mandat til å vurdere grunnlag for-, samt gjennomføre, ev. nye forhandlingar.*

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift  
Sande Servicekontor

Tove Cathrine Kvamme  
konsulent

Kopi til:  
KS Møre og Romsdal



## **Handsaming i Kommunestyret :**

### **Det vart halde gruppemøte.**

- Ruth Anita H. Rekdal fekk permisjon og forlet møtet. Knut Nystøyl tok hennar stad. **21 røysteføre.**

### **Camilla Auflem Vik, Ap sette fram følgjande fellesframlegg frå Ap, Sp og Frp:**

Sande kommunestyre viser til resultat av folkerøystingane i nabokommunane. På dette grunnlag vedtek Sande kommunestyre at vi ynskjer å halde fram som eiga kommune.

### **RØYSTING;**

**Fellesframlegget frå Ap, Sp og Frp fekk 9 røyster og fall (Ap, Sp, Frp)**

**Formannskapstilrådinga fekk 12 røyster og vart vedteke.**

### **VEDTAK:**

1. Kommunestyret viser til folkerøystinga i Sande etter gjennomført kommunereformprosess og rår at Sande kommune i lag med kommunane Vanylven, Herøy, Ulstein og Hareid skipar ei ny storkommune på Ytre Søre Sunnmøre.
2. Kommunestyret er kjend med resultatata av folkerøystingane i nabokommunane. Vidare er ein kjend med stadfesting frå Fylkesmannen på at kommunar framleis har høve til å forhandle om aktuelle løysingar fram til september 2016.  
Forhandlingsutvalet får mandat til å vurdere grunnlag for-, samt gjennomføre, ev. nye forhandlingar.

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 28. juni 2016

Tove Cathrine Kvamme  
konsulent

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

## Vedlegg:

- Intensjonsavtale ”Runde kommune”.
- Valprotokoll for valstyret, rådgjevande folkerøysting 19. mai 2016
- Samandrag Prosessen i Sande kommune
- Møre og Romsdal – samlet utslag systemomlegging
- Informasjonsbrosjyre til husstandane i Sande kommune

## Uprenta vedlegg

- Innbyggjarundersøking 2014
- Innbyggjarundersøking 2015

## Saksopplysningar:

### Kommunereforma

Stortinget ga i juni 2014 regjeringa mandat til gjennomføring av ei kommunereform. Målet er større og meir robuste kommunar med auka makt og mynde. Dette for å møte morgondagens utfordringar og forventningar frå innbyggjarane.

Alle kommunane i landet vart hausten 2014 invitert til å starta prosessar for å avklara om det er aktuelt å slå saman kommunar. Kommunane skal fatta vedtak om dette innan 1. juli 2016.

Fylkesmannen har fått ansvar for å setja i gong dei regionale og lokale prosessane. Regjeringa har gjennom brev til fylkesmannen tydeleggjort kommunane si utgreiingsplikt i reformprosessen rundt kommunestruktur. Stortinget er klar på at alle kommunane har plikt til å gjera eit stykke arbeid knytt til målsetjingane med reforma og dei utfordringane kommunane står framfor. Tidsfristen for eit kommunalt vedtak som svarar på formålet med reforma er sett til utgangen av juni 2016.

### Fire overordna mål for ny kommunereform

#### *1 - Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane*

Større kommunar med betre kapasitet og kompetanse vil leggja til rette for gode og likeverdige tenester over heile landet. Større fagmiljø vil gje meir stabile arbeidsmiljø, breidde i kompetansen og breiare tiltaksportefølje, særleg i små og spesialiserte tenester.

#### *2 - Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling*

Kommunesektoren skal verta betre i stand til å løyse nasjonale utfordringar. Reforma skal betre føresetnadene for styrka og samordna lokal og regional utvikling i alle delar av landet med omsyn til arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utvikling i kommunen. Det er ønskjeleg at kommunegrensene i større grad vert tilpassa naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar.

#### *3 - Berekraftige og økonomisk robuste kommunar*

Større og sterkare kommunar vil ha betre ressursgrunnlag og kan også ha meir variert befolknings- og næringsmansamansetjing. Det skal gjere kommunane mindre sårbare overfor uføresette hendingar og utviklingstrekk. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar vil legge til rette for ein meir effektiv ressursbruk innanfor avgrensa økonomiske rammer.

#### *4 - Styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.*

Større og meir robuste kommunar kan få fleire oppgåver. Dette vil gje auka makt og mynde til kommunane, og dermed auka lokalt sjølvstyre. Større kommunar vil også redusere behovet for interkommunale løysingar. Færre og større kommunar som gjennomfører velferdspolitikkk i samsvar med nasjonale mål, vil redusere behovet for statleg detaljstyring. Kommunane vil slik få større fridom til å prioritere og tilpasse velferdstilbodet til innbyggjarane sine behov.

### Økonomiske tilskot/støtteordningar ved kommunesamanslåing

Det er lagt opp til slike økonomiske verkemiddel i reformperioden.

#### *Eingongstilskot*

Kommunar som slår seg saman vil få dekt eingongskostnader etter ein standardisert modell differensiert etter talet på kommunar og talet på innbyggjarar i samanslåinga etter slik modell:

Antall kommuner og innbyggere i sammenslåingen	0-19 999 innbyggere	20- 49 999 innbyggere	50- 99 999 innbyggere	Over 100 000 innbyggere
<b>2 kommuner</b>	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
<b>3 kommuner</b>	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
<b>4 kommuner</b>	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
<b>5 eller flere kommuner</b>	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

#### *Reformstønad*

Kommunar som slår seg saman vil få reformstønad. Stønaden går til alle kommunar med vedtak i reformperioden etter følgjande modell


Antall innbyggere i sammenslåingen	Reformstøtte
0-14 999 innbyggere	5 000 000
15 000- 29 999 innbyggere	20 000 000
30 000- 49 999 innbyggere	25 000 000
Over 50 000 innbyggere	30 000 000

Av tabellane kan ein t.d. lese at ein ev. ny kommune for Ytre Søre Sunnmøre (5 kommunar med i alt pt 28400 innbyggjarar) vil få eingongstilskot og reformstønad med tilsaman kr 75 mill.

Vidare vil kommunar som slår seg saman behalde inndelingstilskot og regionalt tilskot, som t.d. småkommunetillegget, som om den framleis var to eller fleire kommuner. Tilskotet vert utbetalt fullt ut i 15 år, deretter avtrapping over 5 år.

### Milepælar i kommunestrukturprosessen

Reformprosessen har vore gjennom fleire milepælar på vegen til vedtak i 2016, jf figuren under.



### Lokale prosessar

#### **Oversikt over reformaktivitetar pr juni 2016 er:**

	Tidspkt.	Aktivitet	Deltakarar
		<b>Fase I Oppstartfase</b>	
1.	17.09.2014	Felles oppstarts samling kommunereforma Arr. Fylkesmannen	Ordførar
2.	23.09.2014 A.2014/186 K-37/14	Sak om kommunereforma i kommunestyret – Retning for vidare prosess med grunnlag i Kommuneproposisjonen 2015	Kommunestyret
3.	25.09.2014	Arena Sunnmøre 1. Innbyggerundersøking - v/Sentio Research	Formannskapet, rådmann
4.	16.12.2014 A.2014/186 K-64/14	Sak om kommunereforma i kommunestyret- Orientering om lokal prosess, mandat for vidare arbeid	Kommunestyret
		<b>Fase II Utgreiingsfase</b>	
5.	03.02.2015	Kommunebesøk Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Orientering om prosess og utfordringar	Kommunestyret Ungdomsrådet Kommunalleiarar, Presse
6.	17.03.2015	Faktarapport BDO – Utdelt til kommunestyret	Kommunestyret
7.	8.- 11.03.2015	Studietur Danmark, saman med Sunnmøre regionråd	Prosjektgruppa
8.	10.04.2015	Møte i Prosjektgruppa. –Pres. om komm.ref., Involveringsstrategi, drøftingsnotat	Medlemene i gruppa
9.	21.04.2015	Drøfting i Formannskapet SWOT-analyse ulike konstellasjonar	Formannskapet repr. for regionrådet
10	23.04.2015	Arena Sunnmøre, Colorline	Formannskapet Ungdomsrådet, elderråd «Listetoppar» k.valet 2015
11	Vår/somma r 09.04.2015 14.04.2015	Informasjonsmøter Sandsøy grendalag årsmøte Kvamsøy bygde- og næringslag, årsmøte Sande pensjonistlag, medlemsmøte	Kommuneleiinga, kommu nekontakt Innbyggerane

	11.05.2015 20.06.2015	Sommerfest Larsnes, teltet, ope treff	
12	19.05.2015	Drøfting i Leiargruppa/Tillitsvalde; SWOT-analyse ulike konstallasjonar	Leiargruppa/Tillitsvalde Repr. Regionrådet
13	Somm/haus t 24.06.2015 01.09.2015 01.09.2014 21.06.2014 *	Nabopratar m/Herøy m/Ulstein m/Hareid m/Vanylven* (møtet halde i oppst.fase 2014)	Formannskapa, rådmenn, kommunekontakter,tillitsv alte
14	11.11.2015	Ordførarsamling v/fylkesmannen	Ordførarar, rådm, k.kont.
15	15.-18.11.	Studietur til Danmark i regi av Sunnmøre Regionråd	Ordf.,rådmann,form.sk.- medlem, k.kont, tillitsv.
16	26.11.2015	Arena Sunnmøre -presentasjon av innb.undersøking haust - 2015	Formannskap, rådm.,k.kont. tillitsv., ungd.rådsrepr.
17	3.- 4.12.2015	Work-Shop for kommunane på Ytre Søre Sunnmøre , Sæbø	Formannskapa, rådmenn, k.kontakter, tillitsv.
		<b>Fase III Beslutningsfase</b>	
18	16.12.2015	K-sak; Val av forhandlingsutval	Kommunestyret
19	26.01.2016	K-sak, retningsval. Mandat til forh.utvalet om å framforh. Intensjonsavtale for 5YSS	Kommunestyret
20	jan-mars 2016	2 sonderingsmøter, 7 møter styringsgruppe, 5 forhandlingsmøter, signert avtale 30.3.	Forhandlingsutvala
21	01.03.2016	K-sak, bestemmer rådgjevande folkerøysting	Kommunestyret
22	05.04.2016	K-sak, godkjenner intensjonsavtalen for 5YSS	Kommunestyret
23	Våren 2016	Involvering/folkemøter 11.4. Ungdomsrådet, info/dialog med k.leiing 15.4. Info/dialog 10. klasse Gursken oppv.senter 21.4. Informasjonsbrosjyre til alle husstader 26.4. Folkemøte for heile kommunen, Larsnes 9.5.-12.5 I alt 3 krinsvise folkemøter	Innbyggjarane og kommuneleiinga
24	19.05.2016	Rådgjevande folkerøysting	Innbyggjarane, komm.leiinga
25	21.06.2016	Kommunereforma – kommunalt vedtak	Kommunestyret

Som det framgår av oversikta ovanfor har det vore lagt ned betydelege ressursar knytt til arbeid med kommunereforma i form av eigenaktivitetar og aktivitetar i lag med andre over ei periode på nesten to år.

### *I Oppstartfasen (sommar/haust 2014)*

I sak om retning for vidare prosess med kommunereforma i september 2014 la kommunestyret vekt på godt mellom samsvar kommunal organisering og mellom naturlege bu- og arbeidsmarknadsområder. Og kommunestyret peikte på så vidt breie alternativ som felles kommune for heile Søre Sunnmøre, alternativt Ytre Søre Sunnmøre.

### *II Utgreiingsfasen (2015)*

I desember 2014 ga kommunestyret mandat til vidare organisering av arbeidet. Det vart nedsett prosjektgruppe som m.a. utarbeidde presentasjon om kommunereforma og strategi for involvering. Som følgje av strategien deltok ordførar/kommunekontakt på fleire arrangement rundt om i kommunen (årsmøter, medlemsmøte, sommarfest) med informasjon og dialog om kommunereforma. Mange arrangement/ gjennom året har foregått i regi av Sunnmøre Regionråd på vegne av medlemskommunane. Det gjeld konferansar som Arena Sunnmøre, studieturar, innbyggjarundersøkingar, BDO utfordringsnotat/faktaark for kommunen m.m. Dette har gitt effektiv og føremålstenleg ressursutnytting og har gjort at alle kommunane har hatt høve til å følgje stort sett same «løpet» gjennom prosessen. I eigen regi har Sande kommune swot-analyser, involveringsmøter, nabopratar med alle nabokommunane på Ytre Søre m.m.

#### Om innbyggjarundersøkingar

Sentio Research gjennomførte to innbyggjarundersøkingar for alle kommunane på Sunnmøre med 1 års mellomrom: Hausten 2014 og hausten 2015. Mellom hovudfunna i undersøkingane for Sande skal nemnast at i 2014 var 75% av befolkninga generelt positive til samanslåing med andre kommunar. Tilsvarende Sande-tal i 2015-undersøkinga var 64%.

### *III Beslutningsfasen (des. 2015 – juni 2016)*

Det tok tid før kommunane på Ytre Søre Sunnmøre kom til reelle drøftingar/forhandlingar. Hausten 2015 vart det klart at Ørsta og Volda ikkje ønskte å vere med på felles utgreiing for Søre Sunnmøre. Dei 5 kommunane på Ytre Søre møttes til felles work-shop over to dagar primo desember 2015.

Sande kommunestyre oppnemnde desse til forhandlingsutval i møte 15.12.2015:

Ordførar Dag Vaagen (H), varaordførar Helge Støylen (Tvp), Arnljot Muren (Ap), Asle Giske (rådmann). Dei andre kommunane oppnemnde på tilsvarende vis sine forhandlingsutval:

- Vanylven kommune: Ordførar Lena Landsverk Sande (V), varaordførar Bjarne Sætrene (Frp), Ottar Jan Løvoll (Ap), Andreas Chr. Nørve (rådmann)
- Herøy kommune: Ordførar Arnulf Goksøyr (H), Tine Storøy (H), Svein Gjelseth (Ap), Olaus-Jon Kopperstad (rådmann)
- Ulstein kommune: Ordførar Knut Erik Engh (Frp), varaordførar Steinar Torvik (Krf), Renate Rossi-Kaldhol (Ap), Einar Vik Arset (rådmann)
- Hareid kommune: Ordførar Anders Riise (H), varaordførar Kristian Fuglseth (Folkelista), Annika Brandal (V), Bent Arild Grytten (rådmann)

26. januar 2016 gjorde Sande kommunestyre formelt retningsval og ga forhandlingsutvalet mandat til å framforhandle intensjonsavtale for 5YSS og fastslo at resultatet av 5YSS forhandlingane ved endeleg val skal haldast opp mot å skulle halde fram som eigen kommune.

I perioden desember 2015 – mars 2016 vart det halde 2 sonderingsmøter, 7 møter i styringsgruppa, og 5 forhandlingsmøter mellom kommunane. Rådgjevar Per Ivar Lied i Sunnmøre Regionråd, sto for det praktiske møteopplegget og vart også valt til forhandlingsleiar. Etter intens og grundig prosess vart intensjonsavtalen for «Runde kommune» (5YSS) sluttforhandla og signert av dei 5 ordførarane 30.03.2016.

#### *Innhaldet i intensjonsavtalen*

Intensjonsavtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny stor kommune, beståande av dagens fem kommunar, vil ha betre føresetnader for å løysa framtidens utfordringar enn dei fem kommunane har kvar for seg. Avtalen inneheld overordna mål for ein ny stor kommune og peikar på både fordelar og ulemper. I tillegg seier den noko om intensjonen knytt til demokrati, prinsipp for tenesteyting, kompetanse, samfunnsutvikling, økonomi og kommunen som arbeidsgjevar. Det er i intensjonsavtalen omtala fleire tema der det vil vera behov for å gjera nærare utgreiing av konsekvensar ved ei samanslåing. Gjennom intensjonsavtalen ligg erkjenning av at dagens fem kommunar er "kvardagsregion" med felles bu- og arbeidsmarknad, med høg pendlingsfrekvens mellom kommunane innanfor sterke samhandlande næringsklynger, og er felles område for handel, kultur og andre opplevingar.

#### *Folkemøte*

Etter at intensjonsavtalen mellom dei fem kommunen vart signert er det gjennomført folkemøte for heile kommunen på Larsnes. 140 møtande, i tillegg om lag 60 som jamt følgde live nettsending. I tillegg tre krinsvise møter med tilsaman 110 møtande. Til folkemøtet på Larsnes var også dei andre ordførarane frå kringliggande kommuner invitert – og der ordførar frå Ulstein og Vanylven deltok. Ordføraren i Sande har på tilsvarande vis delteke på folkemøter i Vanylven, Ulstein og Hareid. I forkant av folkemøta vart det sendt ut informasjonsbrosjyre til alle husstandane i Sande.

#### *Folkerøysting 19.5.2015*

Resultat av folkerøystinga:

51,4% - JA til ny kommune for Ytre Søre Sunnmøre (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid)

42,7% – JA til Sande som eigen kommune

5,9% - Blanke røyster

Valdeltaking: 42,5%

#### *Nytt inntektssystem frå 2017*

Det ligg no føre innstilling frå Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget som viser at det er fleirtal på Stortinget for nytt inntektssystem for kommunane frå og med 2017 i samsvar med framlegget i kommuneproposisjonen. Endringane inneber m.a. at inntektssystemet ikkje i same grad som i dag vil kompensere for at små kommunar frivillig vel å stå åleine. Herav endringar i ordningar for basistilskot og småkommune-/distriktstilskot-Norge.

Det er vanskeleg å få full oversikt over verknadane for einskildkommunar, då mange forhold grip inn i kvarandre. Beste estimat som er å framskaffe på noverande tidspunkt synes å vere KS sine utarbeidde virkningstabeller. Sjå vedlagt utdrag frå tabellen «Møre og Romsdal – samlet utslag av systemomlegging». Her framgår at Sande kommune vil få eit inntektstap med om lag kr 2,4 mill som

følgje av omlegginga. Inntektsgarantiordninga (INGAR) gjer at utslaget kan verte fordelt over vel to år. Etter tabellen vil inntektstapet første året stipulert til kr 918.000.

### **Vurdering:**

Kommunestyret har tidlegare lagt føringar for kommunen sine alternativ seinast i sak 7/16 Vidare retningsval for forhandlingar om ny kommunestruktur. Vedtaket, pkt 2 lyder: «Resultatet av 5YSS forhandlingane må ved endeleg val haldast opp mot det å skulle halde fram som eigen kommune»

#### *Sande som eigen kommune*

Sande kommune har ytt, og yter, gode tenester til innbyggjarane. Og eg trur også at det vil vere mogleg for kommunen å oppretthalde god tenestekvalitet, ha god samfunnsutvikling, forbetre lokaldemokratiet og service, vere god arbeidsgjevar m.m. i tida framover .

Ein liten kommune har også ein god del fortrinn som kan vere vanskeleg å oppnå i ein større organisasjon som oversikteleg miljø, korte kommandolinjer, høg andel lokalpolitikarar m.m.

Det knyter seg imidlertid utfordringar til gradvis endra rammevilkår for mindre kommunar og Sande især. Kommunen har over mange år hatt mindre-vekst i inntektene i høve til kommunesektoren elles.

Mindrevekst-utviklinga dei siste 4-5 åra tilsvarer mellom kr 3-4 mill., noko som no vert framskriva i nytt inntektssystem med ytterlegare mindre-vekst tilsvarande 2,4 mill dei komande 2-3 åra. Andre utfordringar seg i stor grad til svingarar i kostnadsbildet knytt til yting av rettighetsbaserte tenester. Kommunen løyser i dag mange oppgåver gjennom interkommunalt samarbeid, og det er vi i enda sterkare grad må knytte oss til slike samarbeidsløysingar om vi held fram som eigen kommune.

#### *Ny kommune for Ytre Søre Sunnmøre*

Ei ny kommune – beståande av dagens fem kommunar Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid - vil ha om lag 28400 innbyggjarar (tal pr. 1.1.2016) innanfor det som alt i dag er eit felles bu- og arbeidsmarknadsområde. Med eit slikt innbyggjartal vil dette kunne verte ei kommunar med ei godt og berekraftig ressursgrunnlag, og med ei god og variert næringsamansetting. Ei slik ny kommune vil kunne vere å mindre sårbar overfor uføresette hendingar og utviklingstrekk dei 5 kommunane er kvar for seg i dag.

Ei samanslått kommune for Ytre Søre Sunnmøre vil kunne vera betre rusta til å møte framtida, enn om kommunane skal stå åleine kvar for seg. Dei fem kommunane har allereie ei rekkje interkommunale samarbeid og nettverk innanfor ulike tenesteområde og oppgåver. Auka kompleksitet i tenesteytinga og auka krav til kompetanse tilseier behov for meir spesialisering i oppgåveløysinga og behov for å redusera utfordringar med sårbarheit og nøkkelkvinnekompetanse.

Eit vesentleg poeng, etter mitt syn, er at ei ny og større kommune med nær 30.000 innbyggjar over tid kan ta over oppgåver frå andre forvaltningsnivå, noko som vil gi nye arbeidsplassar og betre variasjon og balanse i arbeidsmarknaden.

Reiseavstandane i kommunen må seiast å vere relativt korte. Mellom administrasjonsstadane i noverande kommunar er reiseavstanden mellom 4 av dei maksimalt 30-35 minutt, og når Rovdefjordsambandet og Sande fastlandssamband kjem på plass vert reisebildet med korte avstandar komplett.

Lokaldemokratiske utfordringar har vore tema gjennom heile prosessen med reforma. Gjeldsbelastninga til einskildkommunar har også vore mykje diskutert. Dette er dømer på tema som det må jobbast vidare med fram mot skiping av ei ev. ny kommune.

**Konklusjon**

Kommunestyret viser til folkerøystinga i Sande etter gjennomført kommunereformprosess og rår at Sande kommune i lag med kommunane Vanylven, Herøy, Ulstein og Hareid skipar ei ny storkommune på Ytre Søre Sunnmøre i samsvar med signert intensjonsavtale for «Runde kommune» datert 30.03.2016.

Larsnes, 17.06.2016

Dag Vaagen  
ordfører